

Naturvernforbundet i Sogn og Fjordane:

Tematiske konfliktvurderingar for vindkraft

Det er vår oppfatning at konfliktvurderingane er eit svært nyttig grunnlag for å vurdere konsekvensane av dei konsesjonssøkte og melde planane i nasjonal samanheng. Det er eit slikt grunnlag Norges Naturvernforbund har bedd om i lang tid. Vi meiner dei to direktorata har gjort tydeleg greie for kva miljømål dei har lagt til grunn, kva for metodikk dei har brukt i arbeidet og kva for tilgjengeleg kunnskap dei byggjer på. Vår oppfatning er at metodikken er i tråd med moderne tenking for å vurdere miljøkonsekvensane av inngrep. I den grad konklusjonane kan byggje på mangelfullt grunnlag, er dei viktigaste grunnane at det for mange av prosjekta er for lite kunnskap om naturen i området, og at kraftlinene i liten grad er med i vurderingane. Konklusjonane er eit godt grunnlag for å vurdere dei mest konfliktfylte prosjekta som ikkje aktuelle for konsesjon.

Arbeidet med tematiske konfliktvurderingar av vindkraft vart sett i gang av den førre regjeringa etter krav frå mellom andre Norges Naturvernforbund om ei samla vurdering av planane for vindkraftverk. Etter sterk motstand, særleg frå NVE, fekk vi ikkje gjennomslag for vårt krav om vurdering etter mønster frå Samla plan for vassdrag frå 1980-åra. Argumentet var at opplysningane om kraftpotensialet i stor grad var ukjent, og at arbeidet av den grunn ville verte urimeleg kostesamt og tidkrevjande. Prosjekta var lite presist utforma.

Konfliktvurderingane frå Direktoratet for naturforvaltning (DN) og Riksantikvaren (RA) er det beste som er tilgjengeleg på dette tidspunktet, og med den kunnskapen som er finst. Mangelfulle kunnskapar om både naturen på staden og dei konkrete utformingane av vindmølleanlegga gjer det vanskeleg eller umogeleg å gjennomføre ei heilt presis vurdering av kva konsekvensar utbygging vil ha for naturen og livet der. Men konfliktvurderingane gjev grunnlag for å luke ut dei verste prosjekta på eit tidleg stadium.

Direktorata har gjort greie for korleis dei har arbeidd fram konfliktvurderingane, kva kriterium dei har nytta og kva for nasjonale miljømål dei har lagt til grunn, ut frå ulike stortingsmeldingar. Desse måla, om biologisk mangfald, friluftsliv og landskap, er i det vesentlege i tråd med det Norges Naturvernforbund har kjempa i årevis for å få gjennomslag for, og som vi har lagt til grunn i ei rekkje av kommentarar til konkrete saker. Eit vedlegg fortel nærare om den metodiske tilnærminga på miljø og kulturminne.

Opplegget er, så vidt vi kan sjå, i tråd med moderne tenking og den aktuelle kunnskapen på feltet. Den største risikoen for feil ligg i at konfliktgraden er undervurdert fordi dei konkrete opplysningane om naturen og verdiane er mangelfull. Direktoratet for naturforvaltning seier sjølv at dei kunne brukt føre var-prinsippet i langt større grad enn dei har gjort i sine vurderingar. Dette tyder på at dei heller har underkjent enn overdrive dei negative effektane utbyggingane, i alle fall nokre av dei.

Landskap er eit felles tema for DN og RA, medan det tilgrensande feltet naturtypar er handtert av DN under naturmiljøet. Naturtypane er ein meir presis definert kategori enn landskap, og ein del av biologisk mangfald etter Biodiversitetskonvensjonen. Også på dette punktet er avgrensingane og metodikken etter vår oppfatning ryddig og klar, så langt det let seg gjere.

Nye vindmølleanlegg krev nye kraftliner fram til det eksisterande nettet. I nokre tilfelle er avstanden relativt kort, nokre kilometer. I andre tilfelle dreiar det seg om store kraftliner i mange mils lengde. Vi har sett planar for meir enn 100 kilometer. Ei større vekst i elproduksjonen i Finnmark vil krevje ei ny stamline sørover gjennom det meste av landet. Statnett har levert melding om ei ny 420 kV line frå Fardal i Sogn til Ørskog på Møre, det største einskildningrepet i Sogn og Fjordane gjennom alle tider, delvis med den grunngeving at ein større vindkraftproduksjon vil krevje større overføringskapasitet frå det nordlege Vestlandet.. Direktoratata har i varierende grad teke omsyn til kraftliner som ein konsekvens av vindmølleanlegg, også her på grunn av manglande opplysningar om dei konkrete planane. Dette er ei uvisse som vi truleg må leve med, og som i nokre tilfelle inneber at konfliktane kan vise seg å vere større er vurderinga viser, på grunn av kraflinene.

Til høyringsbrevet frå NVE

Etter gjennomlesing av ein del av konfliktvurderingane ser det ikkje ut til at det er nokon grunn for Naturvernforbundet å kommentere dei ulike prosjekta. Det måtte vere i tilfelle nokon har opplysningar som ikkje er med i grunnlaget for konklusjonane. Ein slik gjennomgang er truleg uråd å gjere systematisk, og tilfeldige opplysningar er lite å legge vekt på i ein slik samanheng. Dette er ikkje ein situasjon for veging av føremonane med eit vindmølleanlegg mot ulempene, men ei gradering av konfliktane ved dei ulike planane.

NVE bed direkte om å legge vekt på kor stor kraftproduksjon dei ulike anlegga representerer. Dette er i denne samanhengen eit merkeleg standpunkt, all den tid direktorata gjer det klart at dei ikkje har funne det mogeleg å ta omsyn til konfliktgrad pr. kilowatttime. Å dra meir eller mindre tilfeldige merknader inn i høyringa på den måten NVE bed om, er å be

om det som NVE sjølv brukte som argument mot ein samla plan, nemleg at produksjonsopplysningane var for usikre. Vi går i mot å prøve på å dra slutningar som det ikkje er grunnlag for i materialet. For melde prosjekt er det usikkert kva som blir den endelege produksjonen dersom planen skulle bli gjennomført.

Når spørsmålet er om det er mogeleg å gjere konfliktvurderingane betre, så er vårt svar at det er først og fremst eit spørsmål om meir kunnskap å vurdere ut frå. Mot metodikken og opplegget elles har vi ikkje innvendingar. Framgangsmåten er i tråd med etablert forskning og praksis på dette feltet. Dersom det er manglar ved vurderingane, ligg etter vår oppfatning største risikoen for feil som nemnt i at manglande kunnskap om naturverdiane i fleire område gjev ei underestimering av konfliktane. Våre røynsler frå tidlegare inngrepssaker av mange slag går i hovudsak ut på at meir kunnskap gjev større tyngde til argumenta mot inngrepet. Om nivået på konfliktvurderingane er korrekt, vil alltid vere ei skjønssak. I denne samanhengen er det ikkje vesentleg om talet på til dømes D-konklusjonar er det rette. Poenget er at dei innbyrdes vurderingane bør vere rette, slik at dei prosjekta som har fått D og E, faktisk inneber større konfliktar enn dei som har fått C.

Til spørsmåla frå NNV

For mange av spørsmåla går våre synspunkt fram av det som står ovanfor. Det er vårt reservasjonslause standpunkt at dei tematiske konfliktvurderingane har klarlagt i grove trekk kva for planar som representerer dei største konfliktane, dei middels og så vidare. Dette gjev eit langt betre grunnlag enn før til å halde seg vekke frå dei lokalitetane som har dei største naturverdiane. Så langt vi kjenner til sakene, er konklusjonane i samsvar med vår eiga oppfatning av kvar innvendingane mot vindmølleanlegg er størst.

Det er usikkert kva som er meint med at vindkraftanlegg ”gir spesielle utfordringer”. Vindkraftanlegg reiser prinsippielt og i praksis dei same problemstillingane som vasskraftutbyggingar. Dei typane argument vi har brukt i slike saker, er godt dekkja av konfliktvurderingane.

Om å ta omsyn til storleiken på prosjekta, viser vi til kommentarane lenger oppe. Spørsmålet om kor vidt verdien av området skal vere avgjerande for konfliktgraden, eller om det skal telje med i kva grad den aktuelle verdien vert skadelidande, har DN svart på ved å opplyse at konklusjonane byggjer på begge elementa i den grad dei har kunnskap til å vurdere effektane. Vi har ikkje sett noko som tilseier at dei ikkje har følgd denne rettesnora. I

prosjektoversynet går det også i nokre tilfelle fram kva for endringar av planen som kan redusere konfliktane, og mogleg konfliktgrad etter slike endringar.

At ”synlighet” tel med i tre kategoriar, er tilfelle ved at friluftsliv er med i kategorien naturmiljø. Det at møllene syner over store avstandar påverkar opplagt kategorien friluftsliv. Å hevde noko anna ville vere i strid med det vi veit folk er ute etter når dei driv friluftsliv, og kva dei som forsvarer naturen for friluftsliv har lagt vekt på i sine merknader. At det synlege tel i kategorien landskap, følgjer av definisjonen på landskap i den europeiske landskapskonvensjonen, som Noreg har slutta seg til og som ligg til grunn for vurderingane. Heller ikkje for kategorien landskap er det mogleg å sjå vekk frå synsoppfatningane utan å få vekk frå etablerte kriterium for vurdering av landskapa. Det er vanskeleg å sjå nokon sakleg grunn til at metodikken på dette punktet er problematisk eller burde vore annleis. Det same gjeld kulturmiljø.

Om friluftsliv bør vere med i kategorien naturmiljø eller stå for seg sjølv, er neppe noko meir enn eit redigerings spørsmål. Realitetane vil under alle omstende vere dei same. Det er heller ikkje i mange tilfelle at friluftsliv er ført opp som eit viktig element i vurderingane som gjeld naturmiljøet.

Å gjere metodikken lettare å etterprøve ser ikkje ut til å vere ei enkel sak sidan metodikken er godt etterprøvbar mot det einaste relevante faktum, dei kjende opplysningane om naturen i områda. Det er klart kva vurderingskriterium som ligg til grunn. Meir enn desse to momenta kan neppe telje. Avvik mellom konsekvensvurderingane og konsekvensutgreiingane er for det første ikkje mogleg å finne noko om før konsekvensutgreiingane er kjende. Det er dei ikkje for melde prosjekt. Dersom slike avvik kan finnast, viser det neppe noko viktig. Konsekvensutgreiingane er som regel svært smale i si tilnærming, avgrensa til den aktuelle staden eller området. Direktoratet har lagt ei nasjonal vurdering til grunn for sine konklusjonar, altså det som Naturvernforbundet har bedd om i denne saka, og som vi har etterlyst i mange andre inngrepssaker der invitasjonen har vore å vurdere det eine tilfellet isolert. Dette var hovudproblemet i vasskraftsakene, før Samla plan, som i realiteten gav eit heilt anna grunnlag for å sikre dei nasjonale verdiane først og fremst, det vil seie dei største verdiane.